

Referat frå Årsmøte I.L Dristug

Måndag 22.02.09, kl. 19.00

Åmfoss kafeteria

Desse møtte: Jon Bjarne Felle, Stig André Tveit, Turid Haugstøyl, John Lien, Hans Fredrik Tangen, Freddie Andreassen, Arnt Olav Tveit, Reidun Carol Retterholt.

Sakar:

1. Velkommen v/ leiar

- Leiar Hans Fredrik Tangen ønskte velkommen.

2. Godkjenning av dei med stemmerett.

- OK

3. Godkjenning av innkalling, saksliste og forretningsorden

- OK

4. Val av ordstyrar, referent og 2 til å underteikne protokollen

- Den faste ordstyrar, Inge Ringdahl feirar 70 år i dag og er derfor ikkje tilstades. Vi gratulerer med dagen! Hans Fredrik overtek rolla som ordstyrar i denne anledning.
- Sekretær Reidun C. Retterholt blir referent.
- Jon Bjarne Felle og Stig André Tveit underteiknar protokollen.

5. Godkjenning av årsmeldingar

Ein gjekk gjennom alle årsmeldingane med følgjande merknadar og diskusjonar:

- Hovudstyret:
 - Det blei ein liten debatt rundt 17. mai. Skal Dristug halde fram med å arrangere, eller skal ein "gi bort" til skuleklassar som sparer til skuletur? Etter framlegg frå John blei konklusjonen enn så lenge at vi vil halde på denne arrangementa. Sjølv om vi har god økonomi nå og lav aktivitet så vil dette endre seg og vi vil trenge meir pengar når aktiviteten tar seg opp.
 - Hovudstyret arbeidar vidare med å sette saman ein 17. mai komité.
- Fotballgruppa:
 - Freddie treng å få fleire i fotballgruppa. Freddie står aleine om altfor mange oppgåver, det er mykje "usynleg" arbeid som tek masse tid. Eit døme på dette er merking av banen.
 - Framlegg frå Stig: Freddie bør søke aktivt etter hjelparar. Arbeid som merking av banen ("banemeistar") og andre praktiske oppgåver er det sikkert mange foreldre som kan ta, sjølv om dei ikkje vil ta på seg å vere trenarar.
- Volleyballgruppa:
 - Her er det altfor låg aktivitet. Dette skal volleyballgruppa ta tak i.

- Trim-/Skigruppa:
 - Det er behov for ny løypemaskin! Det er eit par aktuelle til sals nå på nett. Det er viktig for dei som bruker mange timar på løypene at maskina er skikkeleg og at resultatet blir bra. Det er Åmli kommune som eiger løypene. Hans Fredrik sender eit brev til kommunen for å få ei avklaring på kva dei ønskjer med tanke på vedlikehald og oppkjøring av løypene, og plassering av økonomisk ansvar for dette.
 - Arnt Olav ønskjer å gå ut av vervet som leiar av denne gruppa. Han har forsøkt å finne erstattar utan hell. Etter ønskje frå Arnt Olav ber ein hovudstyret om å finne ein ny leiar for trim- og skigruppa og samtidig ordne med at det blir eit styre for denne gruppa med tre personar. Vi takkar Arnt Olav for innsatsen!

6. Godkjenning av regnskapet

- Rekneskapet er godkjent av revisor. Dristug har hatt eit godt overskot i 2009. Det har vore låg aktivitet og lite bruk av midlar. Nå sparer vi opp til meir aktive tider!

7. Saker til behandling

7.1 Fastsetting av medlemskontingent

- Vedtatt uforandra som etter forslag frå hovudstyret.

8. Godkjenning budsjett 2010

- Budsjettet for 2010 blei godkjent som lagt føre.
- Det blei lagt fram eit forslag frå Stig om å kjøpe inn utstyr til barneidrett, for å gjere Åmlihallen meir attraktiv for dei som ikkje driv med ballspel. Stig snakkar med Jetmund Berntsen, ungdomsarbeidar i Åmli kommune (som allereie har i gang aktivitetsskveldar i hallen) om ein kan få til eit samarbeid mellom Dristug og Åmli kommune. Til dette kan ein søke LAM-midlar (lokale aktivitetsmidlar) frå Idrettsskulen. Stig gir tilbakemelding til Hans Fredrik.

9. Val

Valkomitéen har slitt med å få samla seg i år og leiar måtte overta store delar av arbeidet med å få på plass kandidatar til verv på kort varsel. Innstillinga frå valkomitéen og leiar blei vald inn som lagt føre:

| Funksjon | Namn | Ny / attval / Ikkje på val | Periode | Merknad |
|--|---------------------------|----------------------------|---------|--|
| Leiar | Hans Fredrik Tangen | attval | 2 år | 2 år i styret 1 år om gonga som leiar |
| Nestleiar | John Lien | Ikkje på val | 1 år | |
| Kasserer | | Ny | 2 år | Erstatter Turid Haugstøyl |
| Sekretær | Reidun C. Retterholt | Ikkje på val | 1 år | |
| Styremedlem | Johannes Helgesen | Ny | 2 år | Erstatter Anette Berntsen |
| Styremedlem | Bernt Spelten | Ikkje på val | 1 år | |
| 1. vara | Trond Aslaksen | Ny | 1 år | Erstatter Olav Riisland |
| 2. vara | Olav Riisland | Ny | 1 år | Erstatter Anne Tangen |
| Revisor | Kari Øi | Attval | 1 år | |
| Revisor | Synnøve Bråtveit | Attval | 1 år | |
| Løypeutval | Hans Erik Tangen | Attval | 1 år | Leiar |
| Løypeutval | Karstein Vaule | Attval | 1 år | |
| Løypeutval | Olav Riisland | Attval | 1 år | PERMISJON Tiltrer igjen når sak om lysløype til Tveit er ferdig |
| Leiar valkomité | Anne Tangen | Ny | 1 år | Erstatter Tore Konnestad |
| Medlem valkomité | Reidar Saga | Ny | 1 år | Erstatter Eli Janne Olimstad |
| Medlem valkomité | Stig André Tveit | Ny | 1 år | Erstatter Anja Mogensen |
| Representant årsmøte idrettsrådet | Leder Hans Fredrik Tangen | Attval | 2010 | |
| Representant årsmøte idrettsrådet | Nestleiar John Lien | Attval | 2010 | |

Valkomitéen har ikkje funnet kandidat til kasserarvervet. Årsmøtet gir styret fullmakt til å finne ein eigna kasserar.

10. Avslutning v/ leiar

- Leiar takka for frammøtet og ønskja alle vel heim.

Årsmøtet var slutt kl. 21.30.

Reidun Carol Retterholt
Referent

Jon Bjarne Felle

Stig André Tveit